

Radøy kommune

Sæbø skule

Utomhus

Moglegheitsstudie



Oppdragsnr.: 5177039 Dokumentnr.: 01 Versjon: 01
2018-02-07

Oppdragsgjevar: *Radøy kommune*
 Oppdragsgjevares kontaktperson: *Lisbeth Toppe Alvær*
 Rådgjevar: *Norconsult AS, Valkendorfs gate 6, NO-5012 Bergen*
 Oppdragsleiar: *Pål Bjørkhaug*
 Fagansvarleg: *Elise Forberg Eikeland*
 Andre nøkkelpersonar: *Johan Abrahamsson*

| | | | | | |
|---------|------------|-------------------|------------|----------------|----------|
| 01 | 2018-02-07 | Moglegheitsstudie | EPEIK | JAABR | PBJ |
| Versjon | Dato | Omtale | Utarbeidet | Fagkontrollert | Godkjent |

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhald

| | | |
|----------|--|-----------|
| 1 | Innleiing | 4 |
| 2 | Forslag til opparbeiding | 5 |
| 2.1 | <i>Første byggetrinn - opparbeidast i 2018</i> | 5 |
| 2.2 | <i>Trafikksituasjon og adkomst</i> | 7 |
| 2.3 | <i>Ferdigstilling av utearealet</i> | 8 |
| 3 | Kostnadsoverslag | 10 |
| 3.1 | <i>Byggetrinn 1</i> | 10 |
| 3.2 | <i>Byggetrinn 2</i> | 11 |
| 4 | Utomhusplan | 12 |
| 4.1 | <i>Byggetrinn 1</i> | 12 |
| 4.2 | <i>Byggetrinn 2</i> | 13 |

1 Innleiing

Norconsult fekk i oppdrag å lage ein moglegheitsstudie på utearealet til Sæbø skule, som nyleg har vorte bygd ny. Synfaring og gjennomgang med rektor og skulen vart gjort, og første skisse vart sendt over. Etter tilbakemeldingar frå rektor, og frå kommunen angående kostnadsrammer, er det laga eit forslag i to byggetrinn. Tanken er å få etablert mest mogleg varierte aktivitetsskapande element i byggetrinn 1, og så bygge vidare på dette og fullføre det i byggetrinn 2 eller evt i fleire omgonger.

Tomta til Sæbø skule ligg fint til, omkransa av både lauvskog og barskog, som har stor verdi som leikeareal for elevane. Naturen og spesielt skogsbotnen er likevel kjensleg for hard bruk, og mykje brukte skogsareal bør tidvis skjermast for å kunna ta seg opp igjen. Det er behov for meir «tradisjonelle» leikeareal som toler hard bruk og mange barn. På baksida av skulen er det opparbeida fleire slike areal med diverse apparat, og også ei hinderløype og ein ballbane i skogen. Dette tenker me er veldig fint, og ser ikkje behov for å endre på noko her, med unntak av litt asfaltering for å få areala til å henga betre saman. I dag er det dei minste trinna som bruker desse areala. Dei eldste elevane bruker areala framfor skulebygget, og her er det færre aktivitetssmoglegheiter. Plassen er stor og open, og apparata og aktivitetane som ligg her er gamle og slitte, og er heller ikkje tilpassa elevane si aldersgruppe. Me tenker at det er her det store potensialet ligg, for opparbeiding og tilføring av nye element som inviterer og oppfordrar til allsidig aktivitet.

Som overordna grep har me difor fokusert på framsida av skulen, og på aktivitetar for dei eldste trinna. Etter samtale med skulen, var det spesielt ballspel og turn som utmerka seg. Me har difor gått vidare med dette, men vil og legge opp til meir tilfeldig møteplassar. Desse vil fungere også for dei som ikkje deltar direkte i leiken, men vil vere med på det sosiale og observere. Dette gjev ein betre dynamikk i leiken, og det er lettare å slenge seg på. Dei eldste elevane får etter kvart meir behov for å prate også, ikkje berre leike. Me tenker at plasser som er forma som amfi eller skråflater til å sitte, stå eller henge på i nærleiken av aktivitetar, vil fungere godt til dette. Både scene, amfi/aktivitetsflate ned mot ballbanen, og benker under trea er tenkt som slike sosiale og fleksible møteplassar. I første byggetrinn vil aktivitetane på framsida av skulen vera for dei eldste elevane, men når ein får opparbeida resten, tenker me at deler av dette arealet er felles for heile skulen. I tillegg til det me føreslår for elevane på framsida, ser me at det ikkje er mykje husker/disser på skulen. Dette er populære og mykje brukte apparat, og me føreslår difor 2 nye dissar på baksida av skulen. Me tenker også at naturen kan brukast i leikeareala, og både steinar og stokkar kan leggest ut rundt skulen, både som kantar og leikeelement. Gjerne lokale ting frå tomte eller områda rundt. Berre fantasien setter grenser for kva ein bruker det til, det kan blant anna brukast til balanseleik, jungeltikken, rolleleik osv.

Nokre element på tomte meiner me det bør «ryddast» litt i; boden, amfiet og ballbingen. Bodan er plassert på ein uheldig plass, midt framfor det nye skulebygget. Dette gjer det vanskeleg å orientere seg når ein som ukjent kjem til skulen, og det gjer også skuleplassen uoversiktleg i skulekvardagen. Me ser likevel den praktiske verdien av å ha ein bod i tilknytning til idrettshallen, og føreslår å redusere lengda til boden for å gjere det meir åpent framfor skulen. Amfiet rundt bålplassen har i dag eit gjerde på toppen grunna fallhøgde på «baksida» av amfiet. Dette vert brukt til å klatra vidare opp på taket. Me føreslår å ta vekk gjerdet og bygga ny trapping ned på «baksida» av amfiet også, slik at amfiet vender seg både innover og utover. Til slutt må ballbingen gjerast noko med, då den oftare er eit basseng enn ein ballbinge. Toppdekket må leggest på nytt med fall ut av bingen (takfall), og me trur også massene under bør bytast ut med meir drenerande masser. Dette vil vise seg når ein tar opp kunstgrasdekket som ligg der i dag.

2 Forslag til opparbeiding

2.1 Første byggetrinn - opparbeidast i 2018

Forslaget tar utgangspunkt i at det vert opparbeida opphalds- og aktivitetsareal på framsida av skulen, og at det er dette som skal prioriterast i første omgang for bruk av dei eldste elevane. Me tenker at eksisterande bod må reduserast i størrelse, men den kan tilpassast betre til skulebygg og uteareal ved å gjera den mindre dominerande. Det vert føreslått å ta vekk eit bodrom, men at bod for idrettshall og inngang/nedgang til bomberommet vert beholdt. Boden bør malast i ein mørk farge, lik den som er på idrettshallen, for å vera minst mogleg framtreddande. Arealet over bomberommet vert opparbeida som ein leikehaug i gummidekke, med ein gangsti (også i gummi) over mot inngangen til idrettshallen. Gummiarealet vert møblert med leikeapparat, klatrevegg på bod, stokkar og steiner, som vist på landskapsplan. Eit opphaldsrområde i tre (kan også nyttast som scene) med sittekantar rundt vert bygd i samanheng med gummihaugen. Denne kan godt ha tak over seg, men bygging av tak kan utsettast til seinare byggetrinn. Det er også mogleg at ein kan få til å behalda taket til eksisterande bod når boden vert riven. Benkar og bord kan førebels vera noko ein har, eller noko ein kan finne rimeleg og male.

Det andre aktivitetsarealet me meiner bør opparbeidast i denne fasen er den nedsenka ballbanen. Den er i utgangspunktet føreslått med sittetrapp/kantar ned mot banen til å sitte/opphalde seg på. Me føreslår at trappene/kantane blir sådd til med gras i dette byggetrinnet, og at desse kan opparbeidast ved neste byggetrinn. Ballbanen kan gjerne ha asfalt- eller kunstgrasdekke på sikt, men kan i byggetrinn 1 opparbeidast med grus. Her kan ein bruke rimelege, midlertidige mål, om ein har dette tilgjengeleg, og kjøpe inn ballveggane seinare. Stativ for streetbasket vert montert. Areal for turn/parkour kan settast av og midlertidig etablerast med grasdekke eller grus. Trea som er føreslått vert planta for at dei skal rekke å etablere seg fortast mogleg. Areala markert med gras vert sådd til. Grunna problematikk med overvatn ved bod og inngang idrettshall, føreslår me å anlegge eit regnbed for infiltring av overflødig vatn her.

Dei store areala på plassen framfor skulen skulle helst vore asfaltert i denne første fasen, men grunna ramma på 1 million kroner, kan areala asfalterast seinare, helst neste år. Skulen ønsker seg hardt dekke i staden for grusen som er i dag, men når ein må prioritere, tenker me at det er mest fornuftig å opparbeide gode og varierte aktivitetsmoglegheiter i første omgang. Asfaltflater kan sjølvstund brukast til ballspel og diverse, men det kan også grus, sjølv om det blir litt meir ujevnt og sølete. Grunnarbeidet, det vil seie graving og oppfylling av bære- og forsterkningslag for asfaltareala kan opparbeidast i denne fasen, men også evt utsettast. Me føreslår merking på dekket /asfalmaling, både som leik/spel, og som markering til hovudinngang. Dette må også utsettast om ikkje asfalt vert lagt.

Eksempel på haugar i gummidekke, uendelige moglegheiter i form, fargar og mønster:





Eksempel på tredekke og scene med sittetrapper:



Eksempel på merking i asfaltdekke, kan også fåast i mange fargar:



2.2 Trafikksituasjon og adkomst

Trafikksituasjonen for skulen er i dag uklar og dårleg definert, og dette skaper trafikkfarlege situasjonar. Som minste krav må det setjast at det ikkje skal køyrast, korkje av privatbilar eller vareleveransar, inne på skuleplassen og leikeareala rundt skulen. Dette må gjenspeglast i planløyisinga, og det er føreslått å lage ein rundkøyringssituasjon for henting og levering med privatbilar, og at vareleveransar også stopper i denne rundkøyringa og triller varene sine vidare til hovudinngang eller inngang idrettshall. For å stoppe trafikk, er det plassert ei grøn øy i dagens "innkøyring" slik at dette vert tydeleg signalisert. Det må i tillegg skiltast godt og merkast på asfalten, og trafikkareal og areal for mjuke trafikantar må skiljast med avvisande kantstein. Opparbeiding av trafikkareal er ikkje medtatt i kostnadsoverslag for byggetrinn 1, då det er forstått at dette må sjåast på som ein eigen del, men den grønne øya er tatt med. Som alternativ løysing, om det blir for langt for vareleveransar og andre å parkere ved denne (delvis eksisterande) rundkøyringa, kan det opparbeidast ei rundkøyring lenger mot skulebygget som skissert i første forslag, som vart oversendt 16.nov 2017. Plassbehov (radie lastebil) er markert på planen for byggetrinn 2, denne er større enn skissert på skissa frå november (vist under). Om denne løysinga skal opparbeidast, må sjølvstøtt også trafikkareal og gangareal separerast med avvisande kantstein, og areal for gåande må leggest utanfor sirkelen som er skissert.

For adkomsten på baksida av skulen tenker me det kan settast opp ein bom for å hindre bilar å køyre inn i leikearealet. Bosskontainrarar kan settast nærare bommen, slik at også bossbil stoppar der.

Rundkøyringløyising slik den var vist i første forslag:



2.3 Ferdigstilling av utearealet


I det/dei neste byggetrinna kan plassen framfor skulen fullførast med dekker, utstyr og konstruksjonar som vist på planen. Vidare bør også areala på baksida/rundt skulen ferdigstillast, med bod for dei første årstrinna, asfaltdekker inn mot leikeareal og supplerande aktivitetsareal. Me tenker at det i utgangspunktet er behov for fleire husker/disser for desse trinna, og har føreslått dette. Opparbeiding av den eksisterande ballbingen (dekke må leggjast på nytt) må også takast hand om.

På sikt tenker me at arealet framfor skulen skal brukast av alle trinna, at leikehaugen og sceneareal er felles område, og at områda aust for hovudinngang, og vidare bak skulen, kan vera dedikert dei eldre elevane. Dette er for at plassen framfor bygget kan definerast som hovudareal og hovudadkomsten for skulen, og dei minste elevane bør også kjenna seg som eigarar av dette arealet. Dei bør ikkje føla at dette er «ulovleg» leikeareal, eller at det blir skummelt å opphalda seg her. Me tenker då at haugen og scenen kan fungera som møteplass mellom dei yngste og eldste elevane, når heile skuleområdet er opparbeida.

Eksempel på amfi eller aktivitetsflate ned til ballbane:



Eksempel på bruk av stokkar og steinar til leik:



Eksempel på leikeapparat:



3 Kostnadsoverslag

3.1 Byggetrinn 1

Sæbø skule - mulighetsstudie

Kalkyle landskapsarbeider byggetrinn 1 (2018)

Dato: 2018-02-06 Epeik

Norconsult

| Element | Kostnad |
|---|---------------------|
| 7.1 Bearbeidet terreng | |
| Kostnader for grunnarbeider er grovt estimert, da grunnforhold på dette stadiet ikke er dokumentert og behov for masser, oppfylling og evt sprenging ikke er beregnet | |
| Klargjøring av tomt | kr 50 000 |
| Riving av bodrom, tilpassing av bod, maling | kr 50 000 |
| Grunnarbeider: gravning, oppfylling med bære- og forsterkningslag, inkl areal for asfalt | kr 300 000 |
| Sum kapittel | kr 400 000 |
| 7.2 Utendørs konstruksjoner | |
| Scene med trapper, tredekke Møre royal - kan utføres av vaktmester? | kr 60 000 |
| Justering av eksisterende amfi ved bål plass - kan utføres av vaktmester? | kr 20 000 |
| Bom | kr 15 000 |
| Sum kapittel | kr 80 000 |
| 7.6 Veger og plasser | |
| Plasstøpt gummidekke inkl aluminiumskant | kr 246 000 |
| Gummibark sti over haug | kr 51 000 |
| Dekker grus | 29400 |
| Kantstein mot grøntarealer | 48000 |
| Asfalt - utsettes til neste år? | 260000 |
| Termoplast - spill på asfalt - utsettes til neste år? | 8000 |
| Stokker og steiner | 5000 |
| Sum kapittel | kr 647 400 |
| 7.7 Park og hage | |
| Grasbakke, tilsåing | kr 42 500 |
| Trær inkl jord | kr 40 000 |
| Drensfelt/regnbed | kr 3 000 |
| Stammevern og markrist | kr 14 000 |
| Rund benk | kr 15 000 |
| Runde trampoliner | kr 120 000 |
| Turnstenger | kr 10 000 |
| Dumpe | kr 10 000 |
| Klatregrepp på bodvegg | kr 4 000 |
| Basketkørg streetbasket | kr 12 000 |
| Ballnett mot bhg | kr 30 000 |
| Sum kapittel | kr 300 500 |
| Sum ekskl mva | kr 1 427 900 |
| + Rigg og drift 10% | kr 142 790 |

Kostnader på utvendig skilting, elektro og vvs/va er ikke inkludert

3.2 Byggetrinn 2

Sæbø skule - mulighetsstudie


Kalkyle landskapsarbeider byggetrinn 2

Dato: 2018-02-06 Epeik


Norconsult

| Element | Kostnad |
|---|---------------------|
| 7.1 Bearbeidet terreng | |
| Kostnader for grunnarbeider er grovt estimert, da grunnforhold på dette stadiet ikke er dokumentert og behov for masser, oppfylling og evt sprenging ikke er beregnet | |
| Klargjøring av tomt | kr 50 000 |
| Grunnarbeider: graving, oppfylling, bære- og forsterkningslag, inkl areal for asfalt | kr 90 000 |
| Sum kapittel | kr 140 000 |
| 7.2 Utendørs konstruksjoner | |
| Terrengtrapper til nedsenka ballbane, plasstøpt betong | kr 425 000 |
| Bod til baksida av bygg | kr 70 000 |
| Sum kapittel | kr 495 000 |
| 7.6 Veger og plasser | |
| Asfalt resterende arealer skolegård | kr 100 000 |
| Betongheller | kr 16 000 |
| Plasstøpt gummidekke inkl aluminiumskant | kr 480 000 |
| Dekke ballbane kunstgress | kr 60 000 |
| Kantstein ml dekker | 20000 |
| Stokker og steiner som kanter og lekeelement | kr 35 000 |
| Legge dekke på eksisterende ballbinge på nytt, nye masser under | kr 75 000 |
| Asfalt trafikkarealer (eksisterende asfaltarealer ikke medtatt) | kr 34 000 |
| Merking av parkering og trafikk på asfalt inkl HC-p | kr 23 400 |
| Kantstein trafikkarealer | kr 36 000 |
| Sum kapittel | kr 879 400 |
| 7.7 Park og hage | |
| Plen | kr 52 500 |
| Grasbakke, tilsåing langs kanter | kr 5 000 |
| Trær inkl jord | kr 8 000 |
| Flettverksgjerde | kr 119 000 |
| Sykelstativ | kr 70 000 |
| Avfallsbeholdere | kr 4 000 |
| Runde benker | kr 30 000 |
| Benker og bord med spill | kr 68 000 |
| Pendelhuske | kr 70 000 |
| Femkanthuske | kr 70 000 |
| Parkour stativ | kr 50 000 |
| Lang trampoline | kr 100 000 |
| Sportsvegger med mål | kr 90 000 |
| Sum kapittel | kr 736 500 |
| Sum ekskl mva | kr 2 250 900 |
| + Rigg og drift 10% | kr 225 090 |

Kostnader på utvendig skilting, elektro og vvs/va er ikke inkludert



| | |
|--|-----------------------|
| | Eksisterende trær |
| | Nye trær |
| | Gress |
| | Asfaltdekke |
| | Grusdekke |
| | Gummidekke |
| | Tredekke |
| | Asfaltmerking |
| | Kanter i tre og stein |



-  Eksisterende trær
-  Nye trær
-  Gress
-  Kunstgress
-  Heller
-  Asfaltdekke
-  Betongdekke
-  Grusdekke/singel
-  Gummidekke
-  Tredekke
-  Asfaltmerking
-  Kanter i tre og stein

Norconsult
Arkitektur & Landskap

Sæbø skule - Mulighetsstudie utomhus BTR2

Målestokk 1:500/A3 - 2017-02-07 efeik